



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre

Møtestad: Stølsheimen

Dato: 20.08.2024

Tidspunkt: 10:30 - 13:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|--------------------------|-----------|------------------------|
| Marta Sofie Vange | Leiar | Vik kommune |
| Liv-Anne Aanesen | Nestleiar | Modalen kommune |
| Geir Helge Østerbø | Medlem | Høyanger kommune |
| Benedicte Kragh | Medlem | Voss herad |
| Alexander Fosse Andersen | Medlem | Vestland fylkeskommune |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
|------|----------|---------------|

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Merknader:

Andre deltakarar:

- Kristoffer Ullern Hansen, SNO Aurland.

Andre frammøtte:

| Namn | |
|--------------------------|---------------------------------|
| Anbjørg Nornes | verneområdeforvaltar / sekretær |
| Maria Baudonnel Underdal | verneområdeforvaltar / sekretær |

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Marta Sofie Vange

Geir Helge Østerbø

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|--|--------|------------------|
| ST 22/24 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 23/24 | Val av styremedlem til å skrive under protokollen | | |
| ST 24/24 | Orienteringar og referatsaker | | |
| RS 10/24 | Rapport - Stølsheimen landskapsvernområde - Finnabotnen - flytting av badestamp 67/3 - Vik kommune | | 2023/12201 |
| RS 11/24 | Rapport - stiprosjekt Stølsheimen landskapsvernområde - Sendedalen - 2024 | | 2022/15789 |
| ST 25/24 | Endringar - Stølsheimen landskapsvernområde - Rappen - gjennomføring av stølshus - 62/1 | | 2024/3570 |

ST 22/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.08.2024

Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

Synfaringa vart avlyst dagen før på grunn av været.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 23/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.08.2024

Handsaming i møte

Framlegg på Geir Helge Østerbø til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Geir Helge Østerbø vart valt til å skriva under møteprotokollen.

ST 24/24 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.08.2024

Handsaming i møte

Orienteringar:

- Tiltaksplan og revidert budsjett for 2024
- Rapport, istandsetting av buføresti Ålrek - Skard
- Rapport, skjøtselhogst under Fossesete
- Dato for dialogmøte

Vedtak

Styret fekk orientering om tiltak som er gjennomført utan søknad. Styret bad forvaltarane senda brev med varsel om retting på dei tiltaka som er søknadspliktige, og som er gjennomført utan søknad.

Referatsaker og andre orienteringar vart tatt til orientering.

Styret ynskjer dialogmøte 9.oktober kl. 10:30. Møtestad i Myrkdalen.

ST 25/24 Endringar - Stølsheimen landskapsvernområde - Rappen - gjenoppføring av stølshus - 62/1

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 20.08.2024

Handsaming i møte

Det kom forslag til endring av nokre av vilkåra i løyvet.

Endringsforslag:

- Nybygget skal ha ein dempa gråfarge (tilnerma gamalt gråande treverk), slik at bygget vert mindre dominerande i landskapet. Vindskeier og lister skal ha same farge som resten av bygget.
- Det kan setjast inn eit vindauge øvst i sørveggen av bygget jamfør teikningane (figur 2). Vindauget skal vera likt eller mindre enn dei andre vindauga på sørveggen av nybygget, men med same utforming og med sprosser.
- Det skal sendast skriftleg rapport med bilde til Stølsheimen verneområdestyre straks arbeidet er slutført. Frist for å slutføre arbeidet og sende inn rapport er 01.08.2025.

Endringsforslaga vart einstemmig vedtatt.

Med desse endringane vart saka ellers vedtatt i samsvar med innstilling.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Sjur Vikøren løyve til å behalda endringane som er utført på det nye tilbygget på stølshuset i Rappen i Stølsheimen landskapsvernområde.

Løyve er gjeve med heimel i verneforskriftene for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det skal setjast opp ei ståande list på sørveggen i bygget, som markerer skilje mellom hovudbygg og tidlegare tilbygg. Dette er vist på godkjent teikning, fig. 2 og 3 i saksframlegget.
- Nybygget skal ha ein dempa gråfarge (tilnerma gamalt gråande treverk), slik at bygget vert mindre dominerande i landskapet. Vindskeier og lister skal ha same farge som resten av bygget.
- Det kan setjast inn eit vindaug øvst i sørveggen av bygget jamfør teikningane (figur 2). Vindauget skal vera likt eller mindre enn dei andre vindauga på sørveggen av nybygget, men med same utforming og med sprosser.
- Restmateriale og avfall skal fraktast ut av området, og leverast på godkjent avfallsanlegg
- Det skal sendast skriftleg rapport med bilde til Stølsheimen verneområdestyre straks arbeidet er slutført. Frist for å slutføre arbeidet og sende inn rapport er 01.08.2025.

Stølsheimen verneområdestyre gjev Sjur Vikøren løyve til å sette opp solcellepanel på stølshuset i Rappen. Løyve er gjeve med heimel i verneforskriftene for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Solcellepanelet kan monterast på sørveggen på eksisterande treramme.
Solcellepanelet skal ha same storleik som det som er montert på bygget i dag.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Vik kommune for søknad om løyve etter anna lovverk.